

Haugesund 01.09.2026

Kulturarv i fare – Kulturverndagen 2026 på Vindafjordmuseet

Vindafjord: Søndag 13.september inviterer Haugalandmuseet til markering av den nasjonale Kulturverndagen med lansering av ny digital historieformidling i Vindafjord!

Korleis tek vi vare på språk, handverk, musikk, forteljingar og kunnskap i ei tid prega av store endringar? Søndag 13. september inviterer Vindafjordmuseet til Kulturverndagen 2026, med den immaterielle kulturarven i sentrum.

Årets nasjonale tema for Kulturverndagane er «Kulturarv i fare». Klimaendringar, krig, digital transformasjon og auka mobilitet påverkar kulturarven vår på mange måtar. Det gjeld ikkje berre bygningar, kulturlandskap og andre fysiske kulturminne, men òg tradisjonar og kunnskap som blir overførte mellom menneske og generasjonar.

På Vindafjordmuseet blir dette løfta fram gjennom folkemusikk, handverk, lokalhistorie og aktivitetar for både barn og vaksne.

Folkemusikk

Dagen startar til konsert med Øystein Nilsen og Susanne Helgeland frå Haugesund spelemannslag, saman med Charlotte Raknes Nordahl og Dagmar Lunde frå Kvedartak! Publikum får høyre folkemusikk inspirert av det naturmytiske universet – med hulder, fossegrimen og gamle førestellingar som klangbotn.

Industriminne frå Vindafjord

Haugalandmuseet lanserer ei ny digital løype i KulturPunkt «*Industriminne frå Vindafjord*», med utgangspunkt i Endre Heggen-samlinga.

Endre Heggen var lokalhistorikar og sogelagsmann i Ølen. Frå midten av 80-talet gjekk han systematisk til verks med å intervjuar og samla inn bilete frå folk i nærområda, og opparbeidde ei stor samling av lydopptak og kopiar av gamle bilete. Samlinga vart sidan gjeven til Vindafjord kommune og er no del av Haugalandmuseet sine samlingar.

Program

Kl. 12.00: Velkomen ved stadansvarleg Patricia Raymond

Kl. 12.10: Konsert med Øystein Nilsen og Susanne Helgeland frå Haugesund spelemannslag og Charlotte Raknes Nordahl og Dagmar Lunde frå Kvedartak

Kl. 12.45: Store og små får prøve seg på veving, ein handverkstradisjon med lange røter.

Kl. 14.00: Foredrag ved fotoarkivar Madli Hjerman: «*Industriminne frå Vindafjord*» og Endre Heggen-samlinga

Kl. 12–15: Natursti-rebus og open kafé ved Imsland, Vikedal og Sandeid sogelag

Praktisk informasjon

Tid: Søndag 13. september 2026 kl. 12–15

Stad: Vindafjordmuseet, Movegen 111, Vikedal

Pris: Vaksne kr 100, honnør kr 70. Gratis for barn under 16 år og medlemmer i Haugalandmuseets venner.

Kulturverndagane er Noregs største historie- og kulturarvfestival, med om lag 300 arrangement og 50 000 besøkande over heile landet kvart år. I 2026 blir Kulturverndagane markerte frå 5. til 13. september under temaet «Kulturarv i fare».

Velkomen til ein innhaldsrik dag på Vindafjordmuseet – og til å oppleve, utforske og føre kulturarven vidare.

Foto: Båtbygging hos Berge Sag i Ølensvåg, 1933. Frå Endre Heggen-samlinga. Foto: Haugalandmuseet

For meir informasjon ta kontakt med:

Patricia Raymond; pr@haugalandmuseet.no / 99894320, stedsansvarleg på Vindafjordmuseet

Camilla Vandvik, cv@haugalandmuseet.no / 90870371, avdelingsleder publikum & formidling